



**Vinje kommune**

Økonomi, plan og utvikling

--

Arkiv saknr:	2014/2108
Løpenr.:	14575/2014
Arkivkode:	118/15

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Jenny Fetveit

## **Dispensasjonssøknad for bruksendring av 118/15 - Straumehuset i Øyfjell - 2. etasje.**

### **Vedlegg:**

- 1 Søknad om bruksendring på g/b.nr.: 118/15
- 2 Ortofoto
- 3 Ortofoto - oversikt

### **Dokument i saka:**

Kommuneplanens arealdel

### **Bakgrunn:**

Ole Dalen, eigar av Straumehuset - gnr./bnr. 118/15, søker om å få bruksendring av 2. etasje i bygget frå næring til bustad. Eigedomen brukast i dag til næring, og eigarane ynskjer å bygge om 2. etasje til bustad. Dei har også knytt til seg fagkyndige for å vurdere om 2. etasje er egna som fast bustad. Rapporten ligg ved saka.

### **Vurdering:**

I kommuneplanens arealdel er området sett av til LNF-område. Bustad er i strid med LNF-føremål og ei bruksendring må difor handsamast som ei dispensasjon frå overordna plan. Bygningen er i dag eitt reint næringsbygg. Området rundt bygningen er romsleg og kan såleis gje rom for parkering både for næring og for ein bustad. Det vil også vere mogleg å opparbeide gode uterom for bustaden. I området er det i dag både næringsbygg, bustader og fritidsbustader, slik sett vil det ikkje skape konflikt med bustad i 2. etasje i denne bygningen.

Plan- og bygningslova § 19 – 2 seier at ein ikkje skal gi dispensasjon dersom dette inneber at omsyna bak planen det gis dispensasjon frå blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved ei dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Administrasjonen vurderer det i denne saka til at tiltaket ikkje er vesentlig i strid med omsyna i planen, da endringa ikkje vil gi negative konsekvensar for korskje landbruk, natur eller friluftslivsinteresser. Vidare vurderer administrasjonen det til at fordelane ved å gi dispensasjon til bustad i 2. etasje er klart større enn ulempene, og har ingen innvendingar til søknaden.

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

**I medhald av plan- og bygningslovas §§ 11-6 og 19-2 blir det gitt dispensasjon for bruksendring av 2. etasje av næringsbygg på eigedom gnr./bnr. 118/15 slik det er søkt om.**

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/